



og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 31.08.15

Vår ref. 886/15/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref.

Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 Valestrandsfossen

E-mail  
[post@arkoconsult.no](mailto:post@arkoconsult.no)

## RADØY, MANGER, KJEBØGEN – PRIVAT DETALJREGULERING OG HØYRING AV PLANPROGRAM 45/10 M.FL.

Viser til Dykkar brev av 06.07.15, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag.

### Generelle merknader

Generelt vil ein bemerke at område som blir nytta til fiskeri blir pressa frå mange ulike hald t.d.

- oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfør/feces),
- vindmøller til sjøs,
- reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebryggjer, ankringsområde, m.m.),
- ankring/verksemd i sjø
- avlaups-/vassleidningar i sjø,
- kablar i sjø
- fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein peike på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta.

---

Adresse:  
Slottsgt. 3  
N-5003 BERGEN

Telefon: 55 55 39 80      Bankkto: 6511.05.05331  
Telefax: 55 55 39 88      Org.nr: NO 938 613 109  
e-mail: [vest@fiskarlaget.no](mailto:vest@fiskarlaget.no) Org.nr: NO 984 152 094 MVA



Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så tar ein bit for bit frå fiskeriinteressene.

I tillegg har ein m.a. reguleringar i fisket å halde seg etter.

Fiskarane skal tross alt leve av fisken dei får opp av sjøen, og det er derfor viktig av fiskeri-/gyteområda o.l. blir ivaretatt.

### Kjebogen

Det er på «Joruntomta» omsøkt å regulere eit område på 111 daa der om lag 50 daa utgjer område i sjø. Det er tenkt utfylling i sjø, og ein djupvasskai med minimum 10 m djupne.

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det i reguleringsområdet er gytefelt for torsk, grensene er ikkje eksakte.

I tillegg er det reketrålfelt og område for passiv reiskap ute i Mangersfjorden, og ein kaste-/låssettingsplass nord for området, som kan bli påverka av tiltaket.

I høve kommuneplanen er landområdet regulert som næringsområde/industri, og tiltaket er såleis i tråd med kommuneplanen. Sjøområdet er regulert som NA, «naturområde i sjø» og øyane rundt som friluftsområde.

I høve «Framlegg til planprogram – Manger industriområde, Kjebogen» punkt 1.5, «Historie og eksisterande tilhøve» er «tomta i dag (er) vurdert til å ikkje innehalde miljøfarleg avfall i grunn eller sjø av nokon betydeleg grad.» Under punkt 2.4, «Miljøvernfagleg vurderinger» står det at «Tiltaket gjeld utvikling av industriområde og vil ikkje føre til vesentleg endra miljø- og forureiningstilhøve for området enn det som har vore tidlegare når det var aktivitet i området.»

Fiskarlaget Vest kan ikkje godta forureining frå området, sjølv om det har skjedd før. Jotun har måttा rydde opp etter seg. Ofte vanskeleg, og dyrt, å rydde opp i ettertid.

Det må nyttast best mogeleg teknikkar for å førebyggje, og dermed hindre, forureining frå området. Det gjeld både til luft og sjø.

I den samanhengen vil ein gjere merksam på at kysten utgjer sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring. Våre viktigaste gyteområde, oppvekstområde, fiskeområde og all vår havbruksverksemd ligg her. Sjømatnæringa og Regjeringa har ein felles visjon om at Norge skal bli «verdens fremste sjømatnasjon». For å oppnå dette er ein heilt avhengig av et godt havmiljø med reine og produktive fjordar, noko som er avgjерande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.

Konsekvensane av omsøkt industriverksemd må vurderast i høve ovannemnde.

Fiskarlaget Vest krev òg at det ikkje må drivast verksemd inkl. lys/støy, som kan hindre/forringe bruken av kaste-/låssettingsplassen nord for området.

Utfylling i sjø sørvest i området må ikkje føregå i gyteperioden for torsk.


Ein har elles ikkje merknader, på noverande tidspunkt, til saka/planprogrammet om ovannemnde blir fulgt opp.

Med helsing  
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebo  
Britt Sæle Instebo


Kopi; Nordhordland Fiskarlag  
Fylkesmannen i Hordaland  
Radøy kommune  
Fiskeridirektoratet region Vest

# Radøy, Kjebogen



Målestokk: 1:53 388

# Radøy, Kjebogen



Målestokk: 1:13 808